



**Fellestenester - Politisk sekretariat**

Vår ref: 2012/2984-140

Dato: 30.09.2016

Til: Kjartan Thoresen

Frå: Bente Høyland

**Kommuneplan for Kvinnherad 2013 - 2018 - Arealdelen**

Formannskapet hadde saka føre i møte 22.9.2016 som sak 2016/88.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2012/2984-136

**Saksbehandlar**

Kjartan Thoresen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/85	Formannskapet	08.09.2016
2016/88	Formannskapet	22.09.2016

## Kommuneplan for Kvinnherad - arealdelen - utlegging til offentlig ettersyn

### Innstilling frå rådmannen:

1. Kvinnherad formannskap sluttar seg til forslaget til kommuneplan for Kvinnherad - arealdelen.
2. Rådmannen skal ferdigstille plandokumenta og kartet teknisk og praktisk slik at dei utgjer ein god heilskap før dei vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.
3. Planforslaget vert å sende på høyring og leggja ut til offentlig ettersyn med frist på minst seks veker for å komma med merknader, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

### Behandling i Formannskapet den 08.09.2016

Formannskapet ynskjer å utsetje saka, og kalle inn til ekstraordinært formannskapsmøte før kommunestyret 22.9.2016.

### Vedtak frå Formannskapet den 08.09.2016

**Saka vert utsett til ekstraordinært formannskapsmøte 22.9.2016.**

### Behandling i Formannskapet den 22.09.2016

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Formannskapet den 22.09.2016

1. **Kvinnherad Formannskap sluttar seg til forslaget til kommuneplan for Kvinnherad - arealdelen.**
2. **Rådmannen skal ferdigstille plandokumenta og kartet teknisk og praktisk slik at dei utgjer**

*ein god heilskap før dei vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.*

- 3. Planforslaget vert å sende på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn med frist på minst seks veker for å komma med merknader, jf. plan- og bygningslova § 11-14.**


### Saksutgreiing:

#### Historikk

- Kommunestyret fastsette planprogram for arealdelen 19.06.2014.

#### Bakgrunn for planen

I Kvinnherad har arealdelen til kommuneplanen fram til no vore geografisk avgrensa i seks ulike kommunedelplanar. Desse gjeldande planane har i dag vedtaksdatoar som strekk seg frå 2003 til 2013. Fleire delplanar har vore rullerte separat over fleire år, og ført til ulike føresegner og retningslinjer for byggjetiltak i



dei forskjellige delplanområda som kommunen har vore oppdelt i. Gjeldande plan- og bygningslov føreset at kommunen skal ha ein overordna arealdel som omfattar heile kommunen samla, og som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Hovudformålet er difor å lage ein felles arealdel som skal vera det overordna styrande plandokument for all arealbruk i Kvinnherad.

Då arbeidet med arealdelen til kommuneplanen starta opp var også Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland under utarbeiding og ein såg for seg at denne ville verta vedteken før arealdelen. Dette speglar seg i planprogrammet som forutset ei viss samkøyring av arealdelen og strandsonerplanen.

Arbeidet med den regionale strandsonerplanen har ikkje gått som planlagt og med stort sannsyn vert arealdelen i Kvinnherad vedteken først. Arealplanprosessen vert difor vidareført uavhengig av prosessen med strandsonerplanen, men element frå det interkommunale planarbeidet er innlemma i arealdelen.

#### Overordna målsetting

Hovudmålet med planarbeidet er å lage ein felles arealdel med tilhøyrande føresegner som skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i Kvinnherad.

Planarbeidet er primært ei teknisk rullering som skal:

- Samle alle delplanane til ein felles arealdel for heile kommunen
- Utarbeide planen i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov

- Felles føresegner for heile kommunen

Når det gjeld utbyggingsområde, har det vore vurdert om eksisterande utbyggingsområde skal takast ut, samt å ta inn nye område der det ligg føre klare samfunnsmessige interesser.

#### **Delmål**

- Å redusere talet på dispensasjonar ved å tilpasse planen til dagens situasjon og vidareutvikle føresegnene for enklare byggetiltak på bygde eigedomar
- Vurdere byggjeområde som har lege inne i kommuneplanen lenge utan å bli realisert
- Vurdere areal som er bandlagt til vidare planlegging eller freding
- Legge til rette for småskala næringsverksemd i bygdene, gjerne knytt til gardsbruk - "Landbruk pluss"
- Fastsetja bruk og forvaltning av areal i strandsona både på sjø og land
- Byggegrense mot sjø
- Forenkle planen

Planarbeidet vart drøfta i regionalt planforum 06.05.2014 og eit utkast til planprogram vart presentert.

To politiske arbeidsgrupper (skifte etter kommunevalet 2015) har følgd planprosessen, drøfta innhald og gitt føringar for arbeidet.

Planarbeidet er utført av ei administrativ arbeidsgruppe ved Verksemd for samfunnsutvikling. Representantar frå ulike fagkontor i kommunen har delteke med faglege innspel og råd. Multiconsult har gjort ein stor jobb med kart, føresegner, planomtale og KU/ROS.

#### **Planforslaget som no ligg føre er eit resultat av:**

- Arealdisponering i gjeldande kommunedelplanar og reguleringsplanar for området.
- Den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa
- Føresetnader i vedteke planprogram.
- Innkomne innspel.
- Fagrapportar frå uavhengige konsulentar.
- Temadata frå ulike sektormyndigheiter.
- Drøftingar med dei politiske arbeidsgruppene.
- Administrasjonen sine faglege og skjønsmessige vurderingar.

#### **Innspel**

Innspela er silt/teke stilling til av den politiske arbeidsgruppa i samråd med den administrative arbeidsgruppa.

Det har kome inn om lag 250 innspel frå grunneigarar, lag, organisasjonar mv. Innspela har stor spennvidde og omfattar alt frå einskildtiltak til store areal til byggjeføremål. Akvakulturnæringa har kome med mange innspel som måtte innarbeidast i planen, noko som har ført til at arbeidet

med nye område vart noko meir omfattande enn det planprogrammet skisserte. Frå grunneigarar har det kome svært mange ynskje om fritidsbustad i strandsona. På bakgrunn av planprogrammet, føringar frå regionale styresmakter mv. har ein vore svært restriktive med å ta dette inn i planen. Det har vore ei målsetting å unngå nye byggeområde som ein med stort sannsyn kan seie det vil bli knytt motsegn til.


Innspele som omhandla arealendringar er vurdert og det er gjort nokre endringar i høve gjeldande planar. Det er både nye område og arronderingar av eksisterande område. Alle endringar er vurdert med omsyn til andre interesser og arrondert etter lokale tilhøve.

### **Hovudgrep og endring frå gjeldande til nytt planframlegg:**

Planen er i utgangspunktet ei teknisk oppdatering og samanslåing av dei 6 kommunedelplanane. Det er likevel også vore gjort ein del grep for å sikre meir overordna styring. Under er desse plangrepa oppsummert:

- Fleire av dei gjeldande delplanane var detaljerte der byggeføremål gjerne berre var avgrensa kring einskilde bustad- eller hyttetomter. Mange av desse små bustad- eller hytteføremåla er slått saman eller erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-føremål. Dermed er 436 bustadføremål og 211 hytteføremål tekne ut. Føresegnene opnar for avgrensa spreidd utbygging.
- Ein del landbruksdominerte bygder/område er gjort om til store område for spreidd bygging i LNF-område der føresegnene opnar for etablering av tilleggsnæring til landbruket med krav om lokalisering og omsyn.
- I Husnes og Rosendal er store delar omgjort til sentrumsføremål.
- Mange mindre naustføremål er slått saman til *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med føresegnssone som opnar for avgrensa og spreidd utbygging av naust.
- Det er lagt ut småbåtføremål i sjø framfor mange naustføremål for å opne for tiltak som naturleg tilhøyrar naustområde er tillate, t.d. bryggjer.
- Akvakulturføremål er justert og utvida i samsvar med konsesjonar og faktisk lokalisering. I tillegg er det lagt ut eit fleirbruksføremål (kombinert) utanfor sjølve akvakulturføremålet for å gje moglegheiter til å gjere mindre justeringar og ankring.
- Det er lagt inn ei rekkje omsynssoner: nedslagsfelt drikkevatn, støysoner, flomfare, høgspenningsanlegg, ras- og skredfare, bevaring kulturmiljø, bevaring naturmiljø, omsyn friluftsliv, landskapsvernområde, bandlegging etter lov om kulturminne, bandlegging etter lov om naturvern, bandlegging for regulering etter Pbl. og sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde.

*Døme frå Åmvikdalen som viser endringar i plankartet:*



### Vidare behandling

Rådmannen meiner at føresetnadane i planprogrammet i hovudsak er følgde opp, men at det er teke med noko fleire private innspel enn det som var intensjonen med rulleringa.

Etter høyring og offentlig ettersyn vert planframlegget eventuelt endra i hht innkomne merknader. Det skal vera eit overordna mål å ikkje gjera endringar i planen som vil medføra ny offentlig utlegging. Nye innspel i høyringsfaen vil difor ikkje verta tekne omsyn til dersom dei vil få ein slik konsekvens for planen.

### Økonomisk konsekvens:

Ingen direkte budsjettmessige konsekvensar.

### Miljømessig konsekvens:

Dette går fram av konsekvensutgreiing og ROS.

### Vedlegg

Vedlegg til denne saksframstillinga er:

- Planprogram
- Planforklaring
- Føresegner og retningsliner

Plankartet ligg føre som digitalt kart i kommunen sin kartportal på internett, [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no), under kartlaget «Kommuneplan under arbeid».

Smarttelefon og nettbrett: Plankartet og planregister kan opnast i appen *Kommunekart*. Appen kan lastast ned frå Google Play (Android) og App Store (iOS). Zoom til Kvinnherad og vel kartlaget «Kommuneplan under arbeid».

Direktelenke (best på PC):

<https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?funksjon=vispunkt&x=59.96545122540724&y=5.993385314941406&zoom=13&bakgrunnskart=0&kartlag=1224%253A%253AKvinnherad%2520kartlag%253AKommuneplan%2520under%2520arbeid%253B&>

Kart og dokument er også tilgjengeleg via kommunen sitt digitale planregister:

[http://webhotel2.gisline.no/gislinewebplan\\_1224/gl\\_planarkiv.aspx?planid=20140002](http://webhotel2.gisline.no/gislinewebplan_1224/gl_planarkiv.aspx?planid=20140002).

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse er tilgjengeleg i planregisteret.